



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

BULKEN SKULE



Vurderingstema:

**Korleis arbeider Bulken skule med kompetansemåla
Kunnskapsløftet?**

Bulken skule
18.02.10
Einingsleiar: Stein Helge Mandelid
Tlf: 56514219
Mail: bulken.skule@voss.kommune.no
Rapport Bulken.doc



1 – Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt: "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses frå 1. klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylle kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderarar?

14 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. Dei gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderarane førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderarane skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområde som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



2 – Fakta om skulen

Skule: Bulken Årstrinn: 1. – 7.	Adresse: Rekvesvegen 94, 5700 Voss Tlf: 56514219 Mail: bulken.skule@voss.kommune.no
------------------------------------	---

Einingsleiar: Stein Helge Mandelid	Tal tilsette: 11 Lærarar: 8 Assistentar: 2
Tal elevar i alt: 76	Tal grupper i alt: 5

Skulen har skulefritidsordning fire dagar i veka.

Organisering av kvardagen er slik:

Skulestart: 8.30

Skuleslutt: 13.15 (må og fre), 14.30 (ty, ons og to)

1.+2.kl. har fri onsdagar

FAU er samansett av klassekontaktar frå 1.-7. årssteg.

Pedagogisk plattform (grunnsyn)

Visjon: Bulken ein trygg stad å vera – saman leika og læra

3 – Vurderingstema:

Korleis arbeider Bulken skule med kompetansemåla i Kunnskapsløftet?

4 – Kriterium / Kvalitetskrav

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine egne planar.

Når vurderarane gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderarane, og godkjende av skulen.



Korleis arbeider Bulken skule med kompetansemåla i Kunnskapsløftet?

Kriterium	Teikn på god kvalitet
Skulen er ein lærande organisasjon	<ul style="list-style-type: none">- leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeide om mål, og det er lagt til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting- personalet er opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev- skulen har system for kartlegging og oppfølging av denne- skulen arbeider systematisk med elevsamtalar, undervegsvurdering og eigenvurdering- skulen har eit felles system for utforming av arbeidsplanar/vekeplanar- lærarane har kompetanse i dei faga dei skal undervise i
Lærarane har felles forståing av omgrepa kompetansemål, læring og vurdering	<ul style="list-style-type: none">- kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål, som er integrerte i vekeplanen- lærarane har felles utarbeidde årsplanar/halvårsplanar der læringsmål, tema, arbeidsmåtar og vurdering er vektlagd- tilbakemeldingar/vurderingar er tema i elevsamtalar og konferansetimar- det vert utført jamlege kartleggingsprøvar, veketestar og fagprøvar for å sjå om eleven har nådd måla
Elevane er aktive i læringsprosessen	<ul style="list-style-type: none">- elevane kjenner og har fokus på læringsmåla- elevane får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla- elevane kan formulere eigne mål, og vurdere eiga måloppnåing- elevane kan vurdere kvalitet på eige arbeid, kva de faktisk meistrar og kva som kan gjerast betre- elevane arbeider med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver- elevsamtalen motiverer elevane i læringsarbeidet
Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	<ul style="list-style-type: none">- føresette opplever god dialog om barnet si utvikling og korleis dei lærer- dei føresette kjenner læringsmåla og blir gjort kjent med grad av måloppnåing- dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen.- det er lett for føresette å setje seg inn i eleven sine arbeidsplanar- arbeidsplanar/vekeplanar vert lagt ut på pedit

5 – Deltakarar i vurderinga

- Interne: Lærarar, rektor og elevar ved skulen.
I tillegg vert klassekontaktane innkalla til foreldremøte.
- Eksterne: Britha Sandal, Marita Velure Steine og Laila Sægrov

Grunngeving for val av informantar:

I vurderingsarbeidet er det svært viktig å involvera dei partane det gjeld. I ei vurdering av skulen sitt pedagogiske arbeid, er det naturleg å involvera alle dei tilsette og elevane. Det var skulen i samråd med vurderarane som gjorde dei aktuelle vala om kven som skulle vera involverte i vurderinga. Elevane vart tilfeldig utvalde på nummer ut frå alfabetisk klasseliste. Klassekontaktane blei inviterte til foreldremøtet.

6 – Tidsbruk

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderarane møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølve vurderinga, er vurderarane på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderarane informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar. Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.

Tid	Tiltak	Ansvar
Desember 2009	Skulen melder inn vurderingstema	Skulen
21. januar 2010	Møte mellom vurderingsgruppa og skulen for gjensidig presentasjon og endeleg fastsetjing av vurderingsområde. Vurderingsgruppa får planar og anna relevant informasjon frå skulen på dette møtet	Vurderarane og skulen
Veke 4	Skulen får tilsendt Glansbiletet	Vurderarane
Veke 6	Skulen melder endringsframlegg attende til vurderarane	Skulen
Veke 4	Skulen får innkallingsbrev til foreldremøte frå vurderarane. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema.	Vurderarane
Veke 7	Vurderingsveka: 15., 16., 17. og 18. oktober: Vurderingsgruppa har samtale/intervju/observasjon med dei vurderarane vel ut. Skulen set opp ein plan for dette og finn høveleg rom.	Vurderarane og skulen



	<p>Måndag: kl 9.15: elever 2. og 3. klasse kl 10.15: elever 1. klasse kl 11.00: pedagogar mellomsteget Foreldremøte kl 18.00</p> <p>Tysdag: kl 9.15: elever 4. og 5. klasse kl 10.15: elever 6. og 7. klasse kl 11.00: pedagogar småsteget</p> <p>Samtale med leiinga kvar dag.</p> <p>Onsdag : Observasjon Arbeid med rapporten</p> <p>Vurderarane arbeider med informasjonsdata ettermiddag og kveld.</p> <p>Torsdag: kl 14.30 Fellesmøte mellom personalet, representant for skuleeigar og vurderarane for framlegging av rapport.</p>	Vurderarane
--	---	-------------

7 – Metodar

For å sikra god forankring og at alle røster vert høyrde, hentar vurderarane inn data frå fleire andre kjelder (kjeldetriangulering). Informantane er det vurderarane som plukkar ut, for eksempel ved å ønskja å møta alle klassekontaktar, elev nr 5, 8, 14, 20 og 25 frå klasselista, 3 faglærarar i praktisk-estetiske fag, 3 kontaktlærarar på trinn 7, hele elevrådet osv.

For å styrka kvaliteten på dei data me finn, nyttar me ulike metodar for datainnsamling (metodetriangulering). Gjennom eit breitt spekter av metodar tek vurderarane temperaturen på den pedagogiske praksisen til skulen, og på korleis skulen fungerer som organisasjon.

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. I prosessen på denne skulen er følgjande metodar nytta:

Dokument- og resultatanalyse

Skulen sende vurderarane diverse relevante dokument: arbeidsplanar og verksemdplanen

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderarane utarbeidde forslag til eit glansbilete med kriterium og teikn på god praksis. Dette med utgangspunkt i K-06, Opplæringslova med forskrift, vurderings- føreskrift og



skulen sine planar. Framlegg til kriterium med teikn på god praksis vart drøfta på skulen. Skulen godkjende desse utan endringar.

Samtaleguidar

For å fanga lik tematikk, har vurderarar i forkant utarbeidd ulike guidar til hjelp for samtalar med høvesvis elevgrupper, foreldre og tilsette.

Tema i desse samtalanene er henta frå Glansbiletet, teikn på god praksis.

Møte med føresette

Ein føresetnad for god skuleutvikling er god dialog mellom heim og skule. Føresette må få høve til å involvera og engasjera seg. I løpet av denne vurderinga har me hatt møte med alle føresette som ønskte å vera tilstades.

Møte med rektor

Rektor har ei nøkkelrolle i utviklingsarbeidet som skulen skal ta tak i når konklusjonane i rapporten ligg føre. Ein god dialog med rektor dannar grunnlag for gjensidig forståing av skulen sin no-situasjon og for vidare arbeid.

8 – Skulen sine sterke sider innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- *leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeide om mål, og det er lagt til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting*
- *personalet er opne for endringar som nye planar og føreskrifter krev*

Personalet seier at det er lagt til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting, og samarbeid om mål. Dei har teammøte ein time i veka og samråd for heile personalet kvar måndag.

Dei tilsette prøver å vera positive til nye planar og forskrifter, og meiner sjølve at dei er opne for endringar. Desse vert drøfta og vurderte, før dei eventuelt vert tekne inn i skulekvardagen.

- *skulen har system for kartlegging*

Kartleggingsprøvar og andre jamnlege testar har dei i ein eigen perm, med oversikt over kva som skal nyttast til kven, til kva tid. Resultata vert arkiverte og låst inn.



Lærarane har felles forståing av omgrepa kompetansemål, læring og vurdering

- *kompetansemåla i læreplanen er konkretiserte i læringsmål, som er integrerte i vekeplanen*

Kompetansemåla vert brotne ned i mål for veka og skrive på lekse- / vekeplanen. I læreplanen er det lagt vekt på dei grunnleggjande emna, og skulen har kome i gang når det gjeld norsk og matematikk. Somme klassar har med fleire fag, og andre held på med å få til meir konkret utforming av kompetansemål i alle fag.

- *det vert utført jamnlege kartleggingsprøvar, veketestar og fagprøvar for å sjå om eleven har nådd måla*

På foreldresamtalar får dei føresette tilbakemelding på resultatane frå nasjonale prøvar og andre kartleggingsprøvar. Dette synest foreldra er ein god indikasjon på kvar barnet deira står i høve til dei nasjonale målsetjingane.

I fjor haust byrja skulen med veketestar der elevane får tilbakemelding på konkrete ting dei må arbeide meir med. Elevane gjev uttrykk for at det er positivt med veketestane, og at testane er ein god indikasjon på om dei har nådd måla for perioden. Personalet viser positiv vilje til å arbeida med læringsmål, og seier sjølv at dei har erfart at det nyttar, og at til og med dei minste elevane har fokus på mål. Veketesten vart og trekt fram som eit godt tiltak frå foreldre som får den heim til gjennomsyn.

Elevane er aktive i læringsprosessen

- *elevane kjenner og har fokus på læringsmåla*

Dette er eit område som det er tydeleg at skulen har jobba med. K-06 er ein målrelatert læreplan som vektlegg tydelege kompetansemål som skal vera kjende for elevar og foreldre.

I starten av fleire timar observerte me god og tydeleg fokus på, og gjennomgang av måla med elevane. Mål vart skrive på tavla, forklart eller skrive på plakat som var godt synleg. Somme av lærarane heldt målfokus gjennom timen, og tok det opp att som avslutning av timen.

Intervju av elevar viser at alle er opptekne av måla som står på planen, spesielt no etter at dei får veketestar. Fleire av elevane seier at fokuset på læringsmål gjer læringa er meir oversiktleg og difor betre.

- *elevsamtalen motiverer elevane i læringsarbeidet*



Sitat elev: «Me snakkar om måla, korleis me greier oss i timane, kva me må gjera for å bli betre og me lagar avtalar for arbeidet framover». Elevane synest det er positivt med elevsamtalar, og det gjev lærarane gjev uttrykk for og. Samtalen vert brukt til å gje framovermeldingar, laga avtalar og snakke om det sosiale. Samtidig påpeikar lærarane at det er dei små daglege øktene med munnleg respons til den einskilde eleven som tel mest, og det gjev motivasjon. Det viktigaste er å sjå kvar einskild elev, der den er til ei kvar tid.

- *elevane arbeider med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver*

Elevane kan nemna opp ulike arbeidsmåtar, t.d. gruppearbeid, stasjonar, dramatisering, verkstad, spel, data, lego og kitt. Dei les for kvarandre og dei presenterer prosjekt for kvarandre. Av og til kan dei velja læringsstrategi blant nokre alternativ som læraren viser til.

Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

- *føresette opplever god dialog om barnet si utvikling*
- *det er lett for føresette å setje seg inn i eleven sine arbeidsplanar*

Dei føresette gav uttrykk for at rektor og personale ved skulen er imøtekomande. Det er open dialog mellom heim og skule, det er låg terskel for å ta kontakt, ingenting er for lite å ta opp. At alle kjenner kvarandre gjev samhald og verkar sosialt.

Lærarane opplevde at dei har ein god dialog med dei føresette, som er flinke til å sende meldingar og ringje viss dei lurar på noko. Tilbakemeldingar om barnet si utvikling vert teke opp på foreldresamtalar. Foreldra seier at dei lettare kan hjelpe barnet sitt no når dei finn måla på planen og kan snakke saman om desse måla heime.

Foreldra var nøgde med planane og gav uttrykk for at dei fekk heim detaljerte veke- / lekseplanar med tydelege mål i basisfaga. Planane kan òg finnast på pedit.

Foreldre som hadde hatt barn i 1. klasse tidlegare, påpeika ei positiv utvikling ved at det var kome tydelege læringsmål på planen i noverande 1. klasse.



9 – Skulen sine utviklingsområde innan vurderingsområdet

Skulen er ein lærande organisasjon

- *leiinga legg til rette for at lærarane kan samarbeide om mål, og det er lagt til rette for kunnskapsdeling og metodedrøfting*

Skulen har teammøte kvar tysdag frå 13.45 til 14.45, og det er ope for samarbeid i midttimen frå 11.00 til 11.45/ 12.00. Utanom desse tidene er det opp til dei enkelte å samarbeide om fag, planar og metodar. Personalet uttrykte eit sagn etter styrt utviklingsarbeid frå leiinga si side. Lærarane ser at det ikkje alltid er like lett å strukturera møta, spesielt i midttimane der alle skal eta og nokon har vakt. Leiinga bør få i stand ei fast fellestid der dei tilsette kan arbeida meir konkret og målretta med planarbeid. Skulen bør vurderer å ha ei plangruppe, der rektor får høve til å drøfta saker og prioriteringar.

- *skulen har system for kartlegging og oppfølging av denne*

Som tidlegare nemnt har skulen gode rutinar på kartleggingsprøvar, oppbevaring og tilbakemeldingar til føresette. Skulen bør setja av tid til å arbeida fram eit system for oppfyljing av den einskilde elev på grunnlag av desse prøvane. Lærarane er klar over utfordringa, men det krev ressursar og tid.

- *skulen arbeider systematisk med elevsamtalar, undervegsvurdering og eigenvurdering*

Det vert gjennomført elevsamtalar med jamne mellomrom der lærar og elev set seg mål i fellesskap. Lærarane peikar på at undervegsvurdering også skjer i det daglege med munnlege tilbakemeldingar på skulearbeid og på lekser, og det er bra. Eigenvurdering kjende ikkje elevane så godt til, dei var med på å finne eigne feil i tekstar og liknande, men ikkje som ein medviten metode for å fremja eiga læring.

Opplæringslova seier:

“Forskrift til opplæringslova, individuell vurdering i grunnskolen § 3-11.
Undervegsvurdering skal brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i faget.”
(lovdata.no)

Formålet med undervegsvurdering er å fremja læring og utvikling og gje grunnlag for tilpassa opplæring. For å nå kompetansemåla må elevane få tilbakemelding om kva dei meistarar og kva som skal til for å bli betre i faget. Lærarane rettar mykje, og det er



viktig at ein då nyttar høve til å kommentera kva som skal til for å verta betre og koma vidare mot måla.

- *skulen har eit felles system for utforming av arbeidsplanar*

Alle klassane har ein lekseplan / vekeplan med mål og lekser, samt informasjon om ting som skal skje gjennom veka. Desse planane er ulike frå klasse til klasse, utan at det er eit problem for elevane og foreldra. Det hadde vore ryddigare med eit felles namn på planen.

Lærarane har felles forståing av omgrepa kompetansemål, læring og vurdering

- *lærarane har felles utarbeidde årsplanar/halvårsplanar der læringsmål, tema, arbeidsmåtar og vurdering er vektlagd*

"Gjennom innføring av Kunnskapsløftet har alle klassetrinn nye læreplaner med klare kompetansemål. I læreplanen er det lagt vekt på grunnleggende ferdigheter i å kunne uttrykke seg muntlig og skriftlig, i lesing, i tallforståelse og i å bruke digitale verktøy."
(regjeringen.no/nb/dep/kd/tema/grunnopplaring)

Halvårsplanane på Bulken skule inneheldt tema, men ikkje læringsmål og vurdering. Nye halvårsplanar bør absolutt innehalda overordna mål henta frå kunnskapsløftet, delmål for perioden, arbeidsmåtar og vurdering. Me observerte ikkje så stor variasjon i arbeidsmåtar ved Bulken skule. Å vera medviten på, og planleggje variasjon mellom ulike arbeidsmåtar gjev motivasjon til elevane og fremjar det overordna målet om å kunna lesa, rekna, skriva og bruka digitale hjelpemiddel i alle fag.

- *det vert utført jamnlege kartleggingsprøvar, veketestar og fagprøvar for å sjå om eleven har nådd måla*

Mykje bra arbeid har vorte gjort i løpet av skuleåret med veketestar og fagprøvar, både elevane, lærarane og dei føresette er positive til testane. For at desse testane skal ha meir nytteverdi bør dei samlast i mapper eller permar til dokumentasjon, og for å visa til grad av måloppnåing gjennom skuleåret.



Elevane er aktive i læringsprosessen

- *elevane får undervegsvurdering, med både tilbakemelding og framovermelding i høve til kompetansemåla*

Vi såg gode, læringsfremjande kommentarar i arbeidsbøkene til ein del elevar. Det viser at arbeidet på dette området er godt i gang, og det er bra. Nokre av elevane seier dei av til får kommentarar på det dei må øva meir på, og av og til viser læraren kva dei må gjera for å retta, men mange seier at dei får tilbakemeldingar som: Bra, smilefjes, R og V, klistremerke eller liknande. Slike tilbakemeldingar seier eigentleg lite om måloppnåing og læring og kva eleven må gjera vidare. Dei er meir uttrykk for kva eleven har gjort, enn for kva han har lært / ikkje lært. Dette understrekar elevane med å seia at dei får vita litt om kva dei må bli betre i, men ikkje kva dei må gjera for å bli betre. Målet er å fremja læring og utvikla kompetanse. Dette må gjerast ved hyppige og konkrete tilbakemeldingar og framovermeldingar.

- *elevane kan formulere eigne mål, og vurdere eiga måloppnåing*

Elevane svarar at dei får ikkje vera med på å bestemma kva for læringsmål dei skal ha. Nokre trur dei hadde fått lov dersom dei hadde spurt. Dette bør ein prøva å få til i blant, då det er god sjanse for at det vil gje gevinst i form av motivasjon og betre læring. Vurdering av eiga læring finn me ikkje noko system for. Lærarane seier at dette er noko dei vil arbeida for å få til. Forsking på området viser at dette er eit svært viktig område:

"Viktigst er lærere som gir:

- framovermelding
- aktiviserer eleven
- som hjelper eleven til å se seg selv som sin egen lærer."

Hattie (2007)

Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid

- *føresette opplever god dialog om barnet si utvikling*

Dei fleste føresette opplever ein god dialog med skulen og dei tilsette, men der er og dei som opplever at det er vanskeleg å bli høyrd når dei uttrykkjer bekymring om barnet si læring. Lærarane må ta føresette på alvor, og søkje råd om ein er usikker i einskildsaker.



- *dei føresette kjenner læringsmåla og blir gjort kjent med grad av måloppnåing*

"Det er alt for generelle mål og tema på halvårsplanen og difor vanskeleg å finna ut om barnet mitt har nådd måla," vart det sagt på foreldremøtet.

Sidan halvårsplanane ikkje inneheld læringsmål og vurdering, er det vanskeleg for dei føresette å ha kjennskap til korleis barnet står i høve til kompetansemåla. Difor vil det, som tidlegare nemnt, vera viktig for alle partar at meir konkrete læringsmål og vurdering kjem med på halvårsplanane. Lærarane legg ned arbeid i evaluering av halvårsplanane, med kva dei har gjort og ikkje gjort. Nokre føresette trur det er kva deira barnet har lært. Dette skiljet må kome tydeleg fram, ved eventuelt å leggje inn ei vurdering kva den einskilde har lært.

Vekeplanane/lekseplanane har læringsmål først og fremst i matematikk og norsk, noko dei føresette var glade for, men dei etterlyste læringsmål i dei andre faga og.

- *dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen*

Elevane kan velja om dei vil vera med på konferansetimen, som føregår ein gong i halvåret, og mange vel å ikkje vera med.

Dei føresette får eit ark med generelle spørsmål på førehand. Dei meiner dette er bra, men somme ynskjer spørsmål meir tilpassa den einskilde elev.

10 – Vidare arbeid

6 månadar etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Bulken, 18. februar 2010

Britha Sandal
- vurderar-

Marita Velure Steine
- vurderar-

Laila Sægvog
- vurderar -

Vedlegg 1

SAMTALEGUIDE ELEVAR

<p>Skulen er ein lærande organisasjon</p> <p>Lærarane har ei felles forståing av omgrepa kompetasemål, læring og vurdering</p>	<p>Kva er ein god lærar?</p> <ul style="list-style-type: none"> •
<p>Elevane er aktive i læringsprosessen</p>	<p>Har de læringsmål / kompetansemål?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Korleis får du vita kva du må gjera for å verta betre/ framovermeldingar?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Kan de formulera eigne mål?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Kan de vurdera eiga måloppnåing? Korleis?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Arbeider de på ulike måtar? Korleis?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Er arbeidet individuelt tilpassa / passe vanskeleg?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Kva snakkar de om på elevsamtalen?</p> <ul style="list-style-type: none"> •
<p>Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid</p>	<p>Snakkar de heime om korleis du lærer best?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Kjenner dine føresette læringsmåla?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Korleis veit dei heima om du når læringsmåla?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Korleis førebur de dykk heima til konferansetimen?</p> <ul style="list-style-type: none"> • <p>Finn de, i lag med føresette arbeidsplanar / vekeplanar på pedit?</p> <ul style="list-style-type: none"> •



Vedlegg 2

SAMTALEGUIDE FØRESETTE

1. Set opp punkt som de meiner Bulken skule er flink til
2. Set opp punkt som de meiner skulen kan bli flinkare til.
3. Set opp punkt som de føresette kan bli flinkare til.
4. Korleis opplever de dialogen om barnet si læring og utvikling.
5. Er det lett å setja seg inn i borna sine arbeidsplanar/vekeplanar?
6. Vert arbeidsplanar/vekeplanar og annan informasjon lagt ut på Pedit?
7. Korleis blir de gjort kjende med kva borna skal læra på skulen?
8. Korleis veit de om borna når måla sine?
9. Korleis førebur de og borna dykk til konferansetimen?



Vedlegg 3

SAMTALEGUIDE PEDAGOGAR

Skulen er ein lærande organisasjon	Korleis legg leiinga til rette for at lærarane kan samarbeide om mål, kunnskapsdeling og metodedrøfting?
	Er lærarane opne for endringar som nye planar?
	Kva system har skulen for kartleggingsprøvar og oppfølging av kartlegginga?
	Korleis arbeider skulen med elevsamtalar undervegsvurdering og eigenvurdering?
	Har skulen eit felles system for utforming av arbeidsplanar/vekeplanar?
	Har lærarane kompetanse i dei faga dei skal undervise i?
Lærarane har felles forståing av omgrepa kompetansemål, læring, og vurdering	Har lærarane felles utarbeidde årsplanar/halvårsplanar der læringsmål, tema, arbeidsmåtar og vurdering er vektlagd
	Er kompetansemåla i læreplanen konkretiserte i læringsmål, og integrerte i vekeplanen?
	Er faglege tilbakemeldingar og vurderingar tema i elevsamtalar og konferansetimar?
	Korleis finn de ut om eleven har nådd måla?
Elevane er aktive i læringsprosessen	Kjenner elevane læringsmåla og korleis har dei fokus på desse?
	Kan elevane vurdere kvalitet på eige arbeid, kva dei faktisk meistrar og kva som kan gjerast betre?
	Arbeider elevane med varierte arbeidsmåtar og individuelt tilpassa oppgåver?
	Korleis motiverer elevsamtalen elevane?



Føresette er viktige medspelarar i elevane sitt læringsarbeid	Har lærarane ein god dialog med føresette om barnet si utvikling og korleis barnet lærer?
	Blir dei føresette gjort kjend med læringsmåla og barnet si grad av måloppnåing?
	Kva gjer de for at dei føresette og eleven møter førebudde til konferansetimen? Lærer elev og foreldresamtale.
	Trur de det er greitt for dei føresette å setje seg inn i eleven sine arbeidsplanar?
	Vert arbeidsplanar/vekeplanar lagt ut på pedit?